Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8. Fylke: Nord-Tröndelag

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Egge

Emne: Beit og Brom Bygdelag:

Oppskr. av: Sverre Rune Gard:

(adresse): Snerse pr. Steinkjer. G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Nei

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke): Etter opplysningar frå fleire eldre folk som no er i 70-80årsalderen.

SVAR

Beit og Brom har vori lite nytta her i bygda. Og her kallar ein desse förslagi med eit samnamn - ris. Det var tunne bjørk-kuister.

Etter som desse förslagi har vori så lite nytta, finns her nesten ingen tradisjonar om framgangsmåtar med- og bruket av dette hjelpeforet.

Men når det gong og annar vart brukt, var det til sauene og geitene. Og det var utpå vårparten det vart heimhenta og brukt.

Skikken med at ein på langfredag skulle henta ei bör med beit på fastande hjarte og at kuistene skulle bryt(ast) med hendene og ikkje takast med öks eller kniv, er ukjent her.

Eit anna hjelpefor som var mykje meire nytta enn ris, var granbar.

Dette vart brukt til sauene utover mot våren.

Det var vanleg på gardane her det vart hogge tömmer og ved kvar vinter, og det var bar frå desse skogsdriftene som vart köyrd heim til sauelor.

1473

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING